

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
108/16	Plan- og miljøutvalet	PS	31.08.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinshol	16/2379

Søknad om oppstart av reguleringsplanarbeid for akvakulturlokalitet Ospeneset

Vedlegg:

Søknad om oppstart planarbeid. Ospeneset akvakulturområde
Vedlegg. Søknad om oppstart planarbeid. Kart

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Alternativ 1:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-3, avslår plan- og miljøutvalet søknad om oppstart av reguleringsplanarbeid for Ospeneset akvakulturområde. Det aktuelle planområdet er vesentleg i strid med areal sett av til akvakultur i kommuneplanens arealdel og området må vurderast gjennom ordinær kommuneplanprosess før ei eventuell arealutviding.

Alternativ 2:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-3, gjev plan- og miljøutvalet løyve til oppstart av reguleringsplanarbeid for Ospeneset akvakulturområde. Planprosessen skal belyse sentrale problemstillingar knytt til ei omfattande utviding av akvakulturområdet og legge fram ulike alternativ for utvikling av området. Ein vil gjennom planprosessen ta stilling til endeleg omfang av ei utviding av akvakulturområdet ut frå dei utgreiingar og vurderingar som vert gjort undervegs.

.....

Plan- og miljøutvalet - 108/16

PM - behandling:

Framlegg frå H og Frp:

Plan- og miljøutvalet ber om at saka blir utsatt inntil Settefylkesmannen har uttalt seg i saka.

Framlegget vart vedteke med 7 røyster (H, Frp, Sp, Egil Eidsnes-Krf, O. Myhr-Krf)

PM - vedtak:

Plan- og miljøutvalet ber om at saka blir utsatt inntil Settefylkesmannen har uttalt seg i saka.

**Saksopplysningar:
Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Akvator/ABO plan og arkitektur Stord AS søker på vegne av Eide fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS om prinsippgodkjenning av oppstart av detaljregulering for akvakultur i sjø på lokaliteten Ospeneset.

Føremålet med reguleringsarbeidet vil vere å regulere eksisterande lokalitet med moglegheit for utvida produksjon. Forslagsstillar peiker på at lokaliteten er godt eigna både arealmessig og miljømessig for matfiskproduksjon og selskapa ynskjer å utnytte kapasiteten på lokaliteten.

Bakgrunnen for søknaden er at forslagsstillarane ynskjer å etablere ein ny type anlegg på lokaliteten etter at det tidlegare stålanlegget delvis havarerte under stormen Ninai januar 2015. Lindås kommune har gitt dispensasjon for å etablere tre plastringar på lokaliteten i tillegg til forflåte. Dispensasjonsvedtaket vart påklagd av Fylkesmannen i Hordaland og Lindås kommune gav avslag på klagen. Klagen ligg no til endeleg klagevurdering hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og ein ventar at svar på denne ligg føre i løpet av august/september.

For å ha full produksjon i høve den godkjente maksimale biomassen på lokaliteten har selskapa behov for åtte plastringar og ein forflåte på lokaliteten. Sju av plastringane vil ha fisk i seg, medan den siste merda vil verte nytta i samband med naudsynte behandlingar av fisken, til dømes lusebehandling. Skulle ein få godkjenning på ytterlegare biomasse i på lokaliteten, vil det bli behov for opptil 9 ringar på lokaliteten. Godkjenning av biomasse vert gjort i egne søknadsprosessar etter anna lovverk, men ein ynskjer moglegheita for å få på plass ei arealavklaring gjennom reguleringsprosessen. I planprosessen vil ein sjå på ulike faktorar som plassering av anlegget, tilpassing til friluftsliv, påverknad på naturmiljø og liknande.

Det er gjennomført oppstartsmøte med kommunen 30.06.2016 der det vart tilrådd at ein

søkte om prinsippgodkjenning av oppstart av arbeid med reguleringsplan for området, då store delar av det aktuelle området ikkje er i samsvar med arealføremål akvakultur i kommuneplanen sin arealdel. I oppstartsmøtet er det også diskutert krav til prosess og utgreiingar i planarbeidet, og det er også halde møte med Fylkesmannen knytt til kva utgreiingsnivå ein skal legge seg på. Det er krav om konsekvensutgreiing for planarbeidet, då det ikkje vil vere i samsvar med kommuneplanens arealdel og det vil vere spesielt fokus på strandsoner/friluftsliv/ferdsle på sjø, biologisk mangfald, landskap, miljømessige vurderingar, samfunnstryggleik og beredskap, samt tilhøve til naboar. Administrasjonen har ikkje sett krav til utarbeiding av planprogram.

Det vert vist til vedlagte søknadstekst for utfyllande informasjon knytt til søknaden om oppstart av reguleringsplanarbeid.

Vurdering

Administrasjonen har vore i dialog med Eide Fjordbruk og plankonsulent gjennom våren knytt til mogleg oppstart av reguleringsarbeid for akvakulturlokaliteten på Ospeneset. Som nemnt over er det gitt dispensasjon for inntil 3 bur på lokaliteten, men dette er ikkje nok til å få full utnytting av den godkjente biomassen på lokaliteten.

Utviklinga innanfor akvakulturnæringa er per i dag at ein ynskjer plastringar på dei ulike lokalitetane, då desse mellom anna gir betre fiskehelse og toler meir påkjenningar enn tradisjonelle stålanlegg. Ein reknar difor desse anlegga som meir rømmingssikre og dei gir betre driftsforhold for næringa, spesielt i værutsatte område. Ei utfordring knytt bruk av denne typen ny teknologi og anlegg er at anlegga er mykje meir arealkrevjande grunna ei anna utforming på mellom anna innfesting av nøtene. Kommuneplanen til Lindås kommune har teke inn over seg ei utviding av eksisterande akvakulturlokalitetar i kommunen, men det er ikkje teke høgd for denne nye typen anlegg som har kome til etter at kommuneplanen vart vedteken. Utfordringa er då at det ikkje er lagt til rette arealmessig for den ønskete utviklinga i næringa knytt til nye typar anlegg.

Administrasjonen meiner i utgangspunktet at arealdisponeringer knytt til akvakultur og andre typar næringsføremål må gjerast i overordna plan, der ein har moglegheit til å sjå kommunen under eitt og samla belastning også over kommunegrensene. Når det er sagt, vil ei regulering av akvakulturområdet kunne ta opp i seg ein del av dei vurderingane som elles vil verte gjort i ein overordna planprosess, for å sjå det aktuelle området i ein samanheng og utgreie kva andre interesser som eventuelt må vike for at ein skal kunne nytte eit større areal til akvakulturføremål. Det er lite erfaringsmateriale knytt til regulering av akvakultur i sjø i Noreg, og det vil i så tilfelle vere ein stor grad av nybrottsarbeid knytt til å regulere eit slikt område.

Det har som nemnt vore møter med Fylkesmannen knytt til ei eventuell regulering av området og ein har hatt oppstartsmøte for planarbeidet der administrasjonen har tilrådd å få ei politisk godkjenning for vidare planarbeid for området. I oppstartsmøtet vart det diskutert eventuelt omfang av reguleringsplan for området og kva utgreiingskrav som var aktuelle. Administrasjonen er i utgangspunktet positive til ei regulering av akvakulturområder foran at ein søker om dispensasjonar for utviding av akvakulturanlegga. Likevel meiner administrasjonen at ein ideelt hadde gått via normal kommuneplanprosess anten som ein del av kommuneplanen eller som ein eigen kommunedelplan for akvakultur. Sidan det omsøkte planområdet er eit så stort avvik frå arealet som er sett av til akvakultur i kommuneplanen, vil ikkje administrasjonen tilrå at det vert starta opp reguleringsarbeid på Ospeneset, men vil

peike på at det vil vere ei betre tilnærming for utvidingar innanfor akvakulturnæringa å regulere områder enn å gje dispensasjonar. Gjennom reguleringsplan får ein teke større utgreiingar og ein legg til rette for meir medverknad i planprosessen enn ein gjer via dispensasjonar. Administrasjonen legg fram saka med to alternativ til vedtak.

.....